



## Årsmelding 2022

Naustdal Båtlag har pr. 31.12.22 164 medlemmar. Det stod 55 personar på venteliste for tildeling av båtplass. Av desse er det 46 personar med adresse i tidlegare Naustdal kommune og 9 personar med adresse i andre områder.

Styret har hatt 5 styremøte sidan førre årsmøte. Styret har handsama 29 saker. Det har også vore ein del møteverksemd i høve årsmøtet. Noko av møteverksemda har vore digital. Arbeidet i styret har vore organisert for å tilfredstille laget sitt føremål slik det er formulert i § 3 i lov for SA Naustdal Båtlag. Driftsåret 2022 var eit ordinært driftsår.

Båtlaget har eit stabilt medlemstal. Det er lange ventelister for båtplassar og plassar som vert ledige vert raskt overtekte av medlemmer på venteliste. Det er størst interesse for 6 og 8- meters plassar. Det er omsett to åttemetersplassar i 2022.

Rekneskapen til båtlaget vert ført av Naustdal rekneskapskontor, i godt samarbeid med kasserar i båtlaget. Det økonomiske resultat av drifta i 2021 viser eit årsresultat etter avskrivning på kr. 78.907. Styret er tilfreds med dette resultatet.

Det vart i september 2022 gjennomført ein stor dugnad i samband med utskifting av 4 bryggjer og landgang i vestre hamn. Det vart også montert og korrigert ein del fortøyingar. Også gjestebrygga vart oppgradert med nye flyteelement. Der står det att noko montasjearbeid. Dette var ei kjekk samling av medlemmar og godt oppmøte. Det vart også gjennom året gjennomført fleire mindre dugnadar.

Det vert stadig plassert boss, gamle batteri, øydelagt fiskeutstyr etc. i båthamna. Det er synd at nokon opptrer på ein slik måte. Nokon må då bruke tid på å rydde etter andre. Styret oppmodar derfor alle til å ta med seg boss enten heim, eller til godkjent avfallsmottak.

## **Tillitsvalde i Naustdal båtlag i 2022.**

### *Styret:*

Leiar:	Daniel Stave	på val 2023
Nestleiar:	Roy Arne Flo	på val 2023
Skrivar:	Arnt Ole Ramsdal	på val 2023
Kasserar:	Jan Dahlberg	på val 2024
Styremedlem:	Helge Stølsvik	på val 2024
<i>Revisor:</i>	Bjørn Olav Erdal	på val 2023
	Egil Gulholm	på val 2024
Valnemnd:	Kjartan Kroknes	på val 2023
	Harald Myklebust	på val 2024

### **Hamnesjefar**

Steinar Lothe og Egil Gulholm har vore hamnesjefar. Steinar har hatt spesielt ansvar for køyring av båtvogna på slippen.

Hamnesjef har vore kalla inn til nokre styremøte. Hamnesjefane har ikkje stemmerett i styremøter.

Hamnesjefane har kvar motteke kr. 1.000,- i godtgjersle for telefonbruk mv.

### **Godtgjersle til tillitsvald**

Leiar og kasserar i båtlaget har motteke ei godtgjering på 5000. Dei øvrige styremedlemmane har kvar motteke kr. 1000,- i godtgjersle for telefonbruk mv.

### **Kjøp og sal av båtplassar**

Det har vore omsett 2 båtplassar i 2022.

Det står 55 på venteliste for kjøp av båtplass.

### **Dieselanlegget.**

Frå 1. januar 2018 har Knapphus Energi AS (tidl. Farsund og Naustheller) drifta dieselanlegget.

I 2020 vart det gjennomført ei større oppgradering på dieselanlegget. Det vart derfor einigheit

mellom båtlaget og Farsund og Naustheller om å sette den årlege leiga til kr 0,- for åra 2021-2026.

Det har vore ein del driftsproblem med dieselanlegget gjennom året. Knapphus Energi sleit lenge med å få anlegget til å fungere stabilt. Det ser no ut til at det fungerer slik det skal.

For styret i SA Naustdal Båtlag

Daniel Stave

- Leiar-